

## EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 2002/44/EF

2005/EØS/16/30

av 25. juni 2002

**om minstekrav til helse og tryggleik med omsyn til eksponering av arbeidstakarar for risikoar i samband med fysiske agensar (vibrasjon) (sekstende særdirrektiv i medhald av artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF)(\*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 137 nr. 2,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>(1)</sup>, som vart utarbeidd etter samråd med Det rådgevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup>,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten<sup>(3)</sup>, på grunnlag av det felles framlegget frå Forliksutvalet av 8. april 2002, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av traktaten kan Rådet gje direktiv om minstekrav med sikte på å betre særleg arbeidsmiljøet for å sikre eit høgare nivå for vern av tryggleiken og helsa til arbeidstakarar. Det bør unngåast at slike direktiv pålegg administrative, økonomiske og rettslege byrder som er av ei slik art at dei motverkar skipinga og utviklinga av små og mellomstore føretak.
- 2) I meldinga frå Kommisjonen om handlingsprogrammet for gjennomføringa av fellesskapspakta om grunnleggjande sosiale rettar for arbeidstakarar er det fastsett at det bør innførast minstekrav til helse og tryggleik med omsyn til eksponering av arbeidstakarar for risiko i samband med fysiske agensar. I september 1990 vedtok Europaparlamentet ein resolusjon om dette handlingsprogrammet<sup>(4)</sup>, og oppmoda særleg Kommisjonen til å utarbeide eit særskilt direktiv om risikoane i samband med lyd og vibrasjon, og i samband med alle andre fysiske agensar på arbeidsplassen.
- 3) I første omgang vert det rekna som naudsynt å innføre tiltak som vernar arbeidstakarar mot risikoane i samband med vibrasjonar, på grunn av dei verknadene som slike vibrasjonar har på helsa og tryggleiken til arbeidstakarane, særleg med omsyn til skadar på musklar, skjelett, nervar og kar. Desse tiltaka skal ikkje berre sikre helsa og tryggleiken til kvar einskild arbeidstakar, men òg syte for eit minstevernenivå for alle arbeidstakarane

i Fellesskapet, noko som vil hindre moglege former for konkurransevriding.

- 4) I dette direktivet er det fastsett minstekrav, noko som gjer det mogleg for medlemsstatane å halde ved lag eller vedta meir føremålstenlege føresegnar for vern av arbeidstakarane, og særleg å fastsetje lågare tiltaksverdiar for dagleg eksponering eller lågare grenseverdiar for dagleg eksponering for vibrasjonar. Gjennomføringa av dette direktivet bør ikkje nyttast til å grunnkje tilbakesteg i høve til den noverande situasjonen i kvar medlemsstat.
- 5) Eit system for vern mot vibrasjonar må utan unauddsynlege detaljar avgrensast til fastsetjing av dei måla som skal nåast, dei prinsippa som skal stettast og dei grunnleggjande verdiane som skal nyttast, slik at det vert mogleg for medlemsstatane å nytte minstekrava på ein einsarta måte.
- 6) Eksponeringa for vibrasjon kan reduserast meir effektivt ved å innføre førebyggjande tiltak allereie ved utforminga av arbeidsstasjonar og arbeidsplassar, og ved å velje ut arbeidsutstyr, framgangsmåtar og arbeidsmetodar som reduserer risikoane ved kjelda. Føresegnar om arbeidsutstyr og -metodar medverkar såleis til vern av dei arbeidstakarane som nyttar dei.
- 7) Arbeidsgjevarar bør tilpasse seg den tekniske utviklinga og den vitskapelege kunnskapen med omsyn til risiko for eksponering for vibrasjon, med sikte på å betre vernet av tryggleiken og helsa til arbeidstakarane.
- 8) Med omsyn til sjø- og luftfart er det på det noverande utviklingssteget i teknikken ikkje i alle høve mogleg å sette grenseverdiane for eksponering for heilkroppsvibrasjon. Det bør difor vere mogleg å fastsetje tilbørleg grunnjevne unntak i visse tilfelle.
- 9) Ettersom dette direktivet er eit særdirrektiv i medhald av artikkel 16 nr.1 i rådsdirektiv 89/391/EØF av 12. juni 1989 om iverksetting av tiltak som forbedrer arbeidstakernes sikkerhet og helse på arbeidsplassen<sup>(5)</sup>, skal det nemnde direktivet nyttast på eksponering av arbeidstakarar for vibrasjon, med atterhald for strengare og/eller meir spesifikke føresegnar i dette direktivet.
- 10) Dette direktivet er eit konkret ledd i verkeleggjinga av den sosiale dimensjonen i den indre marknaden.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 177 av 6.7.2002, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 54/2003 av 16. mai 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 39 av 31.7.2003, s. 20.

(1) TEF C 77 av 18.3.1993, s. 12.

TEF C 230 av 19.8.1994, s. 3.

(2) TEF C 249 av 13.9.1993, s. 28.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 20. april 1994 (TEF C 128 av 9.5.1994, s. 146), stadfesta 16. september 1999 (TEF C 54 av 25.2.2000, s. 75), felles haldning frå Rådet av 25. juni 2001 (TEF C 301 av 26.10.2001, s. 1) og europaparlamentsavgjerd av 23. oktober 2001 (enno ikkje offentliggjord i TEF). Europaparlamentsavgjerd av 25. april 2002 og rådsavgjerd av 21. mai 2002.

(4) TEF C 260 av 15.10.1990, s. 167.

(5) TEF L 183 av 29.6.1989, s. 1.

11) Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre dette direktivet, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommissjonen<sup>(1)</sup> —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

## AVDELING I

### ALLMENNE FØRESEGNER

#### Artikkel 1

##### Mål og verkeområde

- I dette direktivet, som er det sekstande særdirrektivet i medhald av artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF, er det fastsett minstekrav til vern av arbeidstakarar mot risikoar for tryggleiken og helsa deira som kjem av eller kan kome av eksponering for mekanisk vibrasjon.
- Krava i dette direktivet skal nyttast på verksemd der arbeidstakarar vert eller kan verte eksponerte for risikoar som følgje av mekanisk vibrasjon i arbeidet sitt.
- Direktiv 89/391/EØF skal nyttast fullt ut på heile det området som er nemnt i nr. 1, med atterhald for strengare og/eller meir spesifikke føresegnar i dette direktivet.

#### Artikkel 2

##### Definisjonar

I dette direktivet tyder

- «hand- og armvibrasjon» den mekaniske vibrasjonen som når han vert overført til hendene og armane til ein person, fører med seg risikoar for helsa og tryggleiken til arbeidstakarar, særleg med omsyn til skadar på kar, skjelett, ledd, nerver eller musklar,
- «heilkroppsvibrasjon» den mekaniske vibrasjonen som når han vert overført til heile kroppen, fører med seg risikoar for helsa og tryggleiken til arbeidstakarar, særleg med omsyn til ryggsmertar og skadar på virvelsøyla.

#### Artikkel 3

##### Grenseverdiar for eksponering og tiltaksverdiar

- For «hand- og armvibrasjon»
  - skal grenseverdien for den daglege eksponeringa i ein referanseperiode på åtte timar vere  $5 \text{ m/s}^2$ ,
  - skal tiltaksverdien for dagleg eksponering i ein referanseperiode på åtte timar vere  $2,5 \text{ m/s}^2$ .

Eksponeringa av arbeidstakarar for hand- og armvibrasjon skal vurderast eller målast på grunnlag av føresegnene i nr. 1 i del A i vedlegget.

2. For «heilkroppsvibrasjon»

- skal grenseverdien for dagleg eksponering i ein referanseperiode på åtte timar vere  $1,15 \text{ m/s}^2$  eller, dersom dei medlemsstatane som det gjeld, ønskjer det, ein vibrasjonsdoseverdi på  $21 \text{ m/s}^{1,75}$ ,
- skal tiltaksverdien for dagleg eksponering i ein referanseperiode på åtte timar vere  $0,5 \text{ m/s}^2$  eller, dersom dei medlemsstatane som det gjeld, ønskjer det, ein vibrasjonsdoseverdi på  $9,1 \text{ m/s}^{1,75}$ .

Eksponeringa av arbeidstakarar for heilkroppsvibrasjon skal vurderast eller målast på grunnlag av føresegnene i nr. 1 i del B i vedlegget.

## AVDELING II

### PLIKTENE TIL ARBEIDSGJEVARANE

#### Artikkel 4

##### Fastlegging og vurdering av risiko

- For å stette dei pliktene som er fastsette i artikkel 6 nr. 3 og artikkel 9 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF, skal arbeidsgjevaren vurdere og om naudsynt måle kor mykje mekanisk vibrasjon arbeidstakarane er eksponerte for. Målinga skal gjerast i samsvar med nr. 2 i del A, eventuelt nr. 2 i del B, i vedlegget til dette direktivet.
- Nivået for eksponering for mekanisk vibrasjon kan vurderast ved observasjon av særskilde arbeidsmetodar og ved tilvising til relevante opplysningar om den moglege styrken på vibrasjonen som oppstår i det utstyret eller dei typane utstyr som vert nytta på desse særskilde bruksvilkåra, medrekna slike opplysningar frå produsenten av utstyret. Det er i dette tilfellet ikkje snakk om målingar som krev bruk av særskilde apparat og metodar.
- Den vurderinga og målinga som er nemnd i nr. 1, skal planleggjast og utførast av dei rette tenestene med høvelege mellomrom, samstundes som det vert teke særleg omsyn til føresegnene i artikkel 7 i direktiv 89/391/EØF med omsyn til den kompetansen som er naudsynt (tenester eller personar). Opplysningar som følgjer av vurderinga og/eller målinga av eksponeringsnivået for mekanisk vibrasjon, skal takast vare på i ei høveleg form slik at dei kan nyttast på eit seinare tidspunkt.
- I medhald av artikkel 6 nr. 3 i direktiv 89/391/EØF skal arbeidsgjevaren vere særleg merksam på følgjande når risikovurderinga vert gjennomført:
  - eksponeringsnivået, eksponeringstypen og kor lenge eksponeringa varer, medrekna eksponering for periodiske vibrasjonar eller vedvarande støytar,
  - dei grenseverdiar og tiltaksverdiar for eksponering som er fastsette i artikkel 3 i dette direktivet,
  - eventuelle verknader på helsa og tryggleiken til arbeidstakarar som er eksponerte for særleg risiko,
  - alle indirekte verknader på tryggleiken til arbeidstakarar som følgjer av vekselverknad mellom mekanisk vibrasjon og arbeidsstaden eller anna arbeidsutstyr,

<sup>(1)</sup> TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

- e) opplysningar frå produsentar av arbeidsutstyr i samsvar med relevante fellesskapsdirektiv,
- f) at det er mogleg å nytte anna utstyr som er utforma for å redusere eksponeringsnivået for mekanisk vibrasjon,
- g) eksponering for heilkroppsvibrasjon som går ut over vanleg arbeidstid, og som arbeidsgjevaren har ansvaret for,
- h) særskilde arbeidsvilkår, t.d. låge temperaturar,
- i) relevante opplysningar på grunnlag av helseovervaking, medrekna opplysningar som er offentleggjorde, i den grad dette er mogleg.

5. Arbeidsgjevaren skal i samsvar med artikkel 9 nr. 1 bokstav a) i direktiv 89/391/EØF ha i forvaring ei risikovurdering, og opplyse om kva tiltak som skal gjerast i samsvar med artikkel 5 og 6 i dette direktivet. Risikovurderinga skal lagrast på eit høveleg lagringsmedium, i samsvar med nasjonal lovgeving og praksis. Ho kan omfatte dokumentasjon frå arbeidsgjevaren som godtgjer at den risikoen som er knytt til mekanisk vibrasjon, er av ei slik art og eit slikt omfang at det ikkje er naudsynt med ei meir detaljert risikovurdering. Risikovurderinga skal ajourførast jamleg, særleg dersom det har skjedd vesentlege endringar som kan ha gjort henne forelda, eller dersom resultatata av helseovervakinga viser at dette er naudsynt.

#### Artikkel 5

##### **Føresegner med sikte på å unngå eller redusere eksponeringa**

1. Med omsyn til den tekniske utviklinga og dei tilgjengelege tiltaka for å kontrollere risikoen ved kjelda, skal dei risikoane som oppstår ved eksponering for mekanisk vibrasjon, fjernast ved kjelda eller reduserast mest mogleg.

Reduseringa av slike risikoar skal gjennomførast på grunnlag av dei generelle prinsippa som er fastsette i artikkel 6 nr. 2 i direktiv 89/391/EØF.

2. Arbeidsgjevaren skal på grunnlag av den risikovurderinga som er nemnd i artikkel 4, straks dei tiltaksverdiane som er fastsette i artikkel 3 nr. 1 bokstav b) og nr. 2 bokstav b) vert overskridne, utarbeide og gjennomføre eit program for tekniske og/eller organisatoriske tiltak med sikte på størst mogleg reduksjon av eksponeringa for mekanisk vibrasjon og risikoar i samband med dette, særleg med omsyn til:

- a) andre arbeidsmetodar som medfører mindre eksponering for mekanisk vibrasjon,
- b) val av høveleg arbeidsutstyr som har god ergonomisk utforming, og som medfører minst mogleg vibrasjon med omsyn til det arbeidet som skal gjerast,
- c) tilgang til tilleggsutstyr som reduserer risikoane for skadar som skuldast vibrasjon, som t.d. sete som effektivt reduserer heilkroppsvibrasjon, og handtak som reduserer vibrasjon som vert overført til hender og armar,
- d) høvelege vedlikehaldsprogram for arbeidsutstyret, arbeidsplassen og systema på arbeidsplassen,

- e) utforming og tilrettelegging av arbeidsplassar og arbeidsstasjonar,
- f) høveleg informasjon og opplæring for å lære arbeidstakarar å nytte arbeidsutstyret på ein riktig og trygg måte for å redusere eksponeringa deira for mekanisk vibrasjon mest mogleg,
- g) reduksjon av eksponeringstida og -intensiteten,
- h) høvelege arbeidsplanar med tilstrekkeleg kviletid,
- i) utlevering av klede for å verne eksponerte arbeidstakarar mot kulde og fukt.

3. Arbeidstakarane skal i ingen høve eksponerast for verdjar som er høgare enn grenseverdien for eksponering.

Dersom grenseverdien for eksponering vert overskridne trass i dei tiltaka som arbeidsgjevaren gjer for å støtte dette direktivet, skal arbeidsgjevaren straks gjere tiltak for å redusere eksponeringa til verdjar som ligg under grenseverdien. Han skal fastsetje årsakene til at grenseverdiene er overskridne, og endre vernetiltaka og dei førebyggjande tiltaka tilsvarande for å unngå at dei vert overskridne på nytt.

4. I medhald av artikkel 15 i direktiv 89/391/EØF skal arbeidsgjevaren tilpasse dei tiltaka som er nemnde i denne artikkelen til krava for arbeidstakarar som er utsette for særleg stor risiko.

#### Artikkel 6

##### **Informasjon til og opplæring av arbeidstakarane**

Med atterhald for artikkel 10 og 12 i direktiv 89/391/EØF skal arbeidsgjevaren syte for at arbeidstakarar som er eksponerte for risikoar som skuldast mekanisk vibrasjon på arbeidsplassen, og/eller representantane deira, får informasjon og opplæring i samband med resultatata av den risikovurderinga som er fastsett i artikkel 4 nr. 1 i dette direktivet, særleg med omsyn til:

- a) dei tiltaka som er gjorde for å gjennomføre dette direktivet med sikte på å fjerne eller redusere mest mogleg dei risikoane som følgjer av mekanisk vibrasjon,
- b) grenseverdiene for eksponering og tiltaksverdiane,
- c) resultatata av vurderinga og målinga av den mekaniske vibrasjonen som er gjorde i samsvar med artikkel 4 i dette direktivet, og dei eventuelle skadane som det arbeidsutstyret som vert nytta, kan medføre,
- d) kvifor og korleis teikn på skadar skal oppdagast og rapporterast,
- e) under kva vilkår arbeidstakarane har rett til helseovervaking,
- f) trygge arbeidsmetodar for å redusere eksponeringa for mekanisk vibrasjon mest mogleg.

#### Artikkel 7

##### **Konsultasjon av og deltaking for arbeidstakarane**

Arbeidstakarane og/eller representantane deira skal konsulterast og ta del i samsvar med artikkel 11 i direktiv 89/391/EØF når det gjeld saker som høyrer inn under dette direktivet.

## AVDELING III

## YMSE FØRESEGNER

## Artikkel 8

**Helseovervaking**

1. Utan at det rører ved artikkel 14 i direktiv 89/391/EØF skal medlemsstatane vedta føresegnar om gjennomføring av ei tilstrekkeleg helseovervaking av arbeidstakarane når resultatane av den vurderinga som er nemnd i artikkel 4 nr. 1 i dette direktivet, viser ein risiko for helsa deira. Desse føresegnene, medrekna dei særskilde krava om helsejournalar og tilgangen til desse, skal innførast i samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis.

Det skal takast omsyn til resultatane av helseovervakinga ved gjennomføringa av førebyggjande tiltak på den einskilde arbeidsplassen, og dei skal ha til føremål å sikre førebygging og snøgg diagnostisering av alle former for lidningar som er knytte til eksponering for mekanisk vibrasjon. Slik helseovervaking er føremålstenleg dersom

- eksponeringa av arbeidstakaren for vibrasjon er av ei slik art at ein atkjenneleg sjukdom eller helseskadelege verknader kan knytast til eksponeringa,
- det er sannsynleg at sjukdommen eller verknadene kan melde seg under dei særskilde arbeidsvilkåra til arbeidstakaren, og
- det er prøvd ut teknikkar for å identifisere sjukdommen eller dei skadelege verknadene på helsa.

Arbeidstakarar som er eksponerte for mekanisk vibrasjon som overstig dei verdiane som er fastsette i artikkel 3 nr. 1 bokstav b og nr. 2 bokstav b), har rett til høveleg helseovervaking.

2. Medlemsstatane skal vedta føresegnar om at individuelle helsejournalar skal utarbeidast og ajourførast for kvar arbeidstakar som vert underlagd helseovervaking i samsvar med nr. 1. Helsejournalane skal innehalde eit samandrag av resultatane av helseovervakinga. Dei skal førast på ein måte som gjer det mogleg å konsultere dei på eit seinare tidspunkt, samstundes som det vert teke omsyn til reglane om fortruleg handsaming.

Den rette styresmakta skal etter oppmoding få kopiar av dei aktuelle journalane. Den einskilde arbeidstakaren skal på oppmoding kunne få sjå helsejournalar som vedkjem han/henne personleg.

3. Når resultatane av helseovervakinga viser at ein arbeidstakar lir av ein atkjenneleg sjukdom eller har fått ein helseskadeleg verknad som ein lækjar eller kvalifisert arbeidsmedisinær meiner er eit resultat av eksponering for mekanisk vibrasjon på arbeidsplassen,

- a) skal arbeidstakaren informerast av lækjaren eller av ein annan tilstrekkeleg kvalifisert person om dei resultatane som vedkjem han/henne personleg. Han/ho skal særleg få opplysningar og råd om kva slags helseovervaking han/ho bør gjennomgå etter at eksponeringa er avslutta,
- b) skal arbeidsgjevaren informerast om alle vesentlege resultat av helseovervakinga, samstundes som det vert teke omsyn til reglane om fortruleg handsaming,

c) skal arbeidsgjevaren

- vurdere på nytt den risikovurderinga som er gjennomført i samsvar med artikkel 4,
- vurdere på nytt dei tiltaka som er fastsette for å fjerne eller redusere risiko i samsvar med artikkel 5,
- ta omsyn til råd frå den kvalifiserte arbeidsmedisinaren eller frå andre tilstrekkeleg kvalifiserte personar, eller frå den rette styresmakta, om å setje i verk alle tiltak som er naudsynte for å fjerne eller redusere risikoen i samsvar med artikkel 5, medrekna ei eventuell overføring av arbeidstakaren til ei anna stilling som ikkje medfører fare for eksponering, og
- organisere ei jamleg helseovervaking og gjere tiltak for å granske helsetilstanden til alle andre arbeidstakarar som har vore utsette for ei liknande eksponering. I slike tilfelle kan den ansvarlege lækjaren, den kvalifiserte arbeidsmedisinaren eller den rette styresmakta gjere framlegg om at personar som er vortne utsette, skal gjennomgå ei lækjargransking.

## Artikkel 9

**Overgangsperiodar**

Med omsyn til gjennomføringa av dei pliktene som er fastsette i artikkel 5 nr. 3, skal medlemsstatane, etter samråd med partane i arbeidslivet i samsvar med nasjonal lovgjeving eller praksis, ha rett til å nytte ein overgangsperiode på høgst fem år frå 6. juli 2005 dersom det vert nytta arbeidsutstyr som vart gjeve til arbeidstakarane før 6. juli 2007, og som ikkje gjer det mogleg å stette grenseverdiane for eksponering med omsyn til dei seinaste tekniske framstega og/eller gjennomføringa av organisatoriske tiltak. Med omsyn til utstyr som vert nytta i jordbruks- eller skogbrukssektoren, har medlemsstatane rett til å lengje overgangsperioden med inntil fire år.

## Artikkel 10

**Unntak**

1. Samstundes som det vert teke omsyn til dei allmenne prinsippa for vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarane kan medlemsstatane, med omsyn til sjø- og luftfart og under tilbørleg grunngjevne tilhøve, gjere unntak frå artikkel 5 nr. 3 med omsyn til heilkroppsvibrasjon når det noverande utviklingssteget i teknikken og dei særskilde tilhøva på arbeidsplassen gjer det umogleg å stette grenseverdien for eksponering trass i dei tekniske og/eller organisatoriske tiltaka som er gjennomførde.

2. I tilfelle der eksponeringa av ein arbeidstakar for mekanisk vibrasjon vanlegvis er mindre enn dei tiltaksverdiane som er fastsette i artikkel 3 nr. 1 bokstav b) og nr. 2 bokstav b), men varierer merkbar frå eit tidsrom til eit anna, og i blant overstig grenseverdien for eksponering, kan medlemsstatane òg gjere unntak frå artikkel 5 nr. 3. Den gjennomsnittlege eksponeringa over 40 timar må vere mindre enn grenseverdien for eksponering, og det må kunne provast at risiko som følgjer av det eksponeringsmønsteret som arbeidstakaren er utsett for, er lågare enn risikoen ved eksponering for grenseverdien for eksponering.

3. Medlemsstatane skal gjere dei unntaka som er nemnde i nr. 1 og 2, etter samråd med partane i arbeidslivet i samsvar med nasjonal lovgjeving eller praksis. Slike unntak må kome saman med vilkår som med omsyn til dei særskilde tilhøva sikrar at dei risikoane som dei medverkar til, vert reduserte mest mogleg, og at det vert innført auka helesovervaking for dei arbeidstakarane som det gjeld. Desse unntaka skal vurderast kvart fjerde år og opphevast så snart dei tilhøva som grunnlegg dei, fell bort.

4. Medlemsstatane skal kvart fjerde år sende over til Kommissjonen ei liste over dei unntaka som er nemnde i nr. 1 og 2, med dei nøyaktige grunnane for og tilhøva som førde til at unntaka vart gjorde.

#### *Artikkel 11*

##### **Tekniske endringar**

Dei reint tekniske endringane av vedlegga i samband med

- a) vedtaking av direktiva om teknisk harmonisering og standardisering når det gjeld utforming, oppføring, produksjon eller bygging av arbeidsutstyr og/eller arbeidsplassar,
- b) teknisk utvikling, endringar i dei mest relevante harmoniserte europeiske standardane eller spesifikasjonar og ny kunnskap om mekanisk vibrasjon,

skal vedtakast i samsvar med den framgangsmåten med forskriftsutval som er fastsett i artikkel 12 nr. 2.

#### *Artikkel 12*

##### **Utval**

1. Kommissjonen skal få hjelp av det utvalet som er nemnt i artikkel 17 nr. 2 i direktiv 89/391/EØF.
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda. Tidsrommet som er nemnt i artikkel 5 nr. 6 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.
3. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

#### AVDELING IV

##### **SLUTTFØRESEGNER**

#### *Artikkel 13*

##### **Rapportering**

Medlemsstatane skal kvart femte år leggje fram for Kommissjonen ein rapport om den praktiske gjennomføringa

av dette direktivet, og skal samstundes gje opplysningar om synspunkta til partane i arbeidslivet. Rapporten skal innehalde ei utgreiing om beste praksis for å unngå vibrasjonar med skadelege verknader på helsa og om andre måtar å organisere arbeidet på, saman med tiltak som er gjorde av medlemsstatane for å spreie kunnskap om slik beste praksis.

På grunnlag av desse rapportane skal Kommissjonen gjennomføre ei samla vurdering av gjennomføringa av direktivet, m.a. på bakgrunn av forskning og vitskaplege opplysningar, og informere Europaparlamentet, Rådet, Økonomi- og sosialutvalet og Det rådgjevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen om dette, og om naudsynt gjere framlegg om endringar.

#### *Artikkel 14*

##### **Innarbeiding i nasjonal lovgjeving**

1. Medlemsstatane skal innan 6. juli 2005 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette. Dei skal òg leggje ved ei tilbørleg grunngeven liste over dei overgangsordningane som medlemsstatane har vedteke i samsvar med artikkel 9.

Når desse føresegnene vert vedteke av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal syte for at teksta til dei internrettslege føresegnene som dei alt har vedteke eller som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar, vert send til Kommissjonen.

#### *Artikkel 15*

##### **Iverksetjing**

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellekkapa*.

#### *Artikkel 16*

##### **Adressatar**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Luxembourg, 25. juni 2002.

*For Europaparlamentet*

P. COX

*President*

*For Rådet*

J. MATAS I PALOU

*Formann*



## VEDLEGG

## A. HAND- OG ARMVIBRASJON

1. **Vurdering av eksponeringa**

Vurderinga av eksponeringsnivået for hand- og armvibrasjon er gjort på grunnlag av dei daglege eksponeringsverdiene i ein referanseperiode på åtte timar,  $A(8)$ , uttrykt som kvadratrotta av summen av kvadrata (samla verdi) av dei frekvensvegne akselerasjonverdiene (effektiv-verdiane) i dei rettvingla aksane  $a_{hw_x}$ ,  $a_{hw_y}$ ,  $a_{hw_z}$ , slik det er definert i kapittel 4 og 5 og vedlegg A til ISO-standard 5349-1 (2001).

Vurderinga av eksponeringsnivået kan gjerast ved eit overslag på grunnlag av opplysningar frå produsenten om utsleppsnivået frå det arbeidsutstyret som vert nytta, og på grunnlag av observasjon av dei særskilde arbeidsmetodane eller ved måling.

2. **Måling**

Når det vert gjort målingar i samsvar med artikkel 4 nr. 1,

- a) kan det nyttast metodar som omfattar prøvetaking dersom denne prøvetakinga er representativ for eksponeringa av ein arbeidstakar for den aktuelle mekaniske vibrasjonen. Metodane og apparata som vert nytta, må tilpassast dei særskilde eigenskapane til den mekaniske vibrasjonen som skal målast, miljøfaktorane og eigenskapane til måleapparata, i samsvar med ISO-standard 5349-2 (2001),
- b) skal målingane gjerast på kvar hand dersom utstyret må haldast med begge hender. Eksponeringa vert fastsett på grunnlag av den høgste av dei to verdiane. Det skal òg opplysast om verdiane for den andre handa.

3. **Forstyrningar**

Artikkel 4 nr. 4 bokstav d) skal nyttast, særleg når den mekaniske vibrasjonen forstyrrar handsaminga av styringsinnretningar eller lesinga av instrument.

4. **Indirekte risiko**

Artikkel 4 nr. 4 bokstav d) skal nyttast, særleg når den mekaniske vibrasjonen forstyrrar stabiliteten i konstruksjonen eller motstandsevna til koplingane.

5. **Personleg verneutstyr**

Personleg verneutstyr mot hand- og armvibrasjon kan medverke til det programmet for tiltak som er nemnt i artikkel 5 nr. 2.

## B. HEILKROPPSVIBRASJON

1. **Vurdering av eksponeringa**

Vurderinga av eksponeringsnivået for vibrasjon er gjort på grunnlag av utrekninga av dagleg eksponering  $A(8)$  uttrykt som den ekvivalente kontinuerlege akselerasjonen over ein periode på åtte timar, og utrekna som den høgste effektiv-verdien eller den høgste vibrasjonsdoseverdien til dei frekvensvegne akselerasjonane i dei tre rettvingla aksane ( $1,4a_{wx}$ ,  $1,4a_{wy}$ ,  $a_{wz}$  for sitjande eller ståande arbeidstakarar) i samsvar med kapittel 5, 6 og 7 og vedlegg A og vedlegg B til ISO-standard 2631-1 (1997).

Vurderinga av eksponeringsnivået kan gjerast ved eit overslag på grunnlag av opplysningar frå produsenten om utsleppsnivået frå det arbeidsutstyret som vert nytta, og på grunnlag av observasjon av dei særskilde arbeidsmetodane eller ved måling.

Når det gjeld sjøfart, kan medlemsstatane berre ta omsyn til vibrasjonar med ein frekvens på over 1 Hz.

2. **Måling**

Når det vert gjort målingar i samsvar med artikkel 4 nr. 1, kan det nyttast metodar som omfattar prøvetaking dersom denne prøvetakinga er representativ for eksponeringa av ein arbeidstakar for den aktuelle mekaniske vibrasjonen. Metodane og apparata som vert nytta, må tilpassast dei særskilde eigenskapane til den mekaniske vibrasjonen som skal målast, miljøfaktorane og eigenskapane til måleapparata.

3. **Forstyrningar**

Artikkel 4 nr. 4 bokstav d) skal nyttast, særleg når den mekaniske vibrasjonen forstyrrar handsaminga av styringsinnretningar eller lesinga av instrument.

**4. Indirekte risiko**

Artikkel 4 nr. 4 bokstav d) skal nyttast, særleg når den mekaniske vibrasjonen forstyrrar stabiliteten i konstruksjonen eller motstandsevna til koplengane.

**5. Lenging av eksponeringa**

Artikkel 4 nr. 4 bokstav g) skal nyttast, særleg dersom typen verksemd gjer at arbeidstakaren kan nytte opphaldsrom som arbeidsgjevaren har ansvar for. Eksponering for heilkroppsvibrasjon i desse romma må reduserast til eit nivå som er i samsvar med føremålet og bruksvilkåra deira, bortsett frå i tilfelle av *force majeure*.

---

**FELLES FRÅSEGN FRÅ EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET**

Europaparlamentet og Rådet stadfestar på nytt den plikta dei har til å halde fram med granskinga av framlegget frå Kommisjonen om dei andre fysiske agensane (høyrbare lydfelt, elektriske eller magnetiske felt eller kombinasjonar av desse). Med tanke på dei tekniske vanskaner med omsyn til dei andre fysiske agensane, er vibrasjonar likevel vorte prioritert. Europaparlamentet og Rådet ser at det er naudsynt å vedta direktiv så snøgt som mogleg om dei andre fysiske agensane som er nemnde i framlegget frå Kommisjonen.

---